

NOTAT

Informasjon til installatører i Eidefoss området:

A/S Eidefoss har områdekonsesjon i kommunene Lesja, Dovre, Sel (untatt Sandbumoen/Sjoa), Vågå og Lom.

- Inntak på nye installasjoner/anlegg skal utførast etter NEK 399 (Gjeldande versjon).
- Ved omgjering av eksisterande inntak må valg av løysing vurderast ut ifrå eventuell øvrig omgjering av anlegget.
- Send forhåndsmelding på det arbeidet som er meldingspliktig og send ferdigmelding når det meldingspliktige arbeide er utført. Skriv i merknadsfeltet kva meldinga gjeld; bustad, hytte, næringsbygg osv.
- Nye installasjoner/anlegg skal i utgangspunktet være heilt ferdige før de blir tilkobla strømmettet. Anlegget skal ferdigmeldast før det blir montert strøm-målar.
- Skriv alltid i kommentarfeltet på meldinga opplysningar som er relevante for tilkobling, målemontering o.l.
- Installatørane kan spenningssette anlegget utan målar for å utføre sluttkontroll. Viktig at de da koblar ut anlegget etter at testen er utført. Spenningssetting utan strømmålar skal i kvart enkelt tilfelle avtalast med AS Eidefoss.
- Tilknytningsavtale skal være signert og returnert til AS Eidefoss før spenningssetting
- Ved brot på plombering på anlegget skal installatøren bruke gul midlertidig plombering.

Kobling av stikkledning i tilknytningsskåp:

Vi ønskjer at installatør utfører tilkobling av stikkledning i tilknytningsskåp. Vi ser dette som naturleg i og med at installatøren leverer utstyret, og har dokumentasjonen/montasjebeskrivelsen. Installatøren inkluderer denne tilkoblinga i samsvarserklæringa for installasjonen. Når stikkledninga kjem frå stolpe må installatøren koordinere slik at både elektriker og våre folk er der samtidig for å sleppe ekstra tur ved tilkobling.

Avvik:

Vi har av og til avvik på enkelte forhold der installatøren har ansvaret, dette gjeld:

- Manglande forhåndsmelding
- Manglande ferdigmelding
- Brot på plombering utan melding
- Spenningssetting av anlegg utan konkret avtale med måling/tilsyn (Installatøren skal dokumentere i logg på melding slik avtale)
- For stort overbelastningsvern etter tilknytningsavtala
- Feilkobling på målarutstyr

Slike avvik medfører ein del ekstra-arbeid for oss som vil bli fakturert.

Feil på strømforsyninga:

AS Eidefoss får av og til rekning frå kundar som har brukt installatør til å sjekke det elektriske anlegget der det viser seg at feilen er hos oss. Vi ber om at installatørane oppfordrar kundane til å ta kontakt med Eidefoss først når strømmen er heilt eller delvis borte hos kunden.

Vi intervjuar kundane for å finne ut om feilen er hos Eidefoss og sender da ut montør. Vår vaktordning er døgnet rundt, året rundt og vi tar ikkje betalt for oppdrag der feilen er i vårt nett. Vi har også vakttelefon med omgåande svar. Dette er våre kundar gjort oppmerksame på gjennom tilsendt informasjon.

Kundane må ringe vårt feilmeldingsnummer for at vi skal få vurdere om vi har feilen eller ikkje.

Eidefoss betaler ikkje rekningar frå andre aktørar på feilsøking ved feil i vårt nett!

Ber om at installatørane informerer alle sine tilsette om dette!

Er det spørsmål så ta kontakt!